

Notat

Til: Fagopplæringsnemnda
Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Yrkesfaglærarløftet – fagleg oppdatering av yrkesfaglærarar

Viser til brev frå Utdanningsdirektoratet datert 24.06.16. Brevet er knytt til vidareføring av ordninga der yrkesfaglærarar kan få fagleg oppdatering i regi av arbeidslivet. Kvar fylkeskommunen utarbeidar ein plan for bruk av midlane.

Sogn og Fjordane overførde kr 340 500,- av midlane vi fekk tildelt i 2015 til 2016. Desse midlane blei våren 2016 lyst ut til skulane som hospiteringsmidlar, med mål om å styrke breiddekompetansen til yrkesfaglærarane. Skulane hadde i skuleåret 2015/2016 gjort ei kartlegging av yrkesfaglærarane sin breiddekompetanse, og denne kartlegginga låg til grunn for skulane og fylkesdirektøren si prioritering av tildeling av midlar. Dei som fylte kriteria for søknad på desse midlane har fått tilsegn om midlar.

Midlane for 2016 (kr 420.000) vert sett i samanheng med Sogn og Fjordane sin kompetanseutviklingsplan for vidaregåande opplæring, vedteken av hovudutval for opplæring 30.03.16. Midlane er planlagt nytta til følgjande aktivitetar:

- Sogn og Fjordane har fylkesdekkande fagnettverk for alle yrkesfaglege utdanningsprogram. Ein vidaregåande skule og 1-2 relevante opplæringskontor har ansvar for drift og oppfølging av kvart sitt nettverk. Deler av dei statlege midlane vil bli lyst ut, slik at nettverka kan søke på midlar til å arrangera fagdagar med fagleg fordjuping. Fagdagan skal vera opne for både faglærarar og bedriftsrepresentantar (faglege leiarar, instruktørar, prøvenemndsmedlemmer og tilsette i opplæringskontor). Målet med fagdagan kan vera fagleg fordjuping i enkelte emne/ny teknologi eller styrking av breiddekompetanse.
- Styrking av breiddekompetanse gjennom hospitering eller ved å få bedriftsrepresentantar inn på skulane for å styrke breiddekompetansen til fleire lærarar (og elevar) på same skule. Utlysinga av hospiteringsmidlar våren 2016 synte at det var stor interesse for styrking av breiddekompetansen, og det vil derfor vera aktuelt å lyse ut meir midlar til dette føremålet.
- Støtte til fagspesifikke kurs/etterutdanning for faglærarar - slik at fleire lærarar kan få høve til å delta på fagkurs organisert av arbeids- og næringslivet. Dette skal skje i nært samarbeid med opplæringskontor og bransjar (skulane sine lokale nettverk).

Tiltaka er i tråd med føringar i Yrkesfaglærarløftet og heilt i samsvar med fylkeskommunen sin eigen kompetanseutviklingsplan for yrkesfaglærarar, instruktørar, faglege leiarar og prøvenemndsmedlemmer.

